

GUTTA PÅ TUR

Tur til Litauen 1. – 8. juni 2012

*Dette er reiser som i alderdoms elde
er gode å minnes i ensomme kvelde.
Når man pinfullt er fortøyet av isjias og gikt
da er det godt å ihukomme slikt
- at man på første klasse har reist!*

Arvid Mørch (Sildakongen)

Etter intense førebuingar, som mellom anna omfatta intensivt språkkurs på Espevær - der me hadde lært korleis me skulle helse høvvisk både morgon, kveld og på dagtid - var det endeleg klart for vårens vakraste eventyr: Turgutane (med damer) på veg til det store utland.

Morgontrøytte, men spente og opprømte starta me i hustru og gråkaldt ver. Innsjekkinga på Flesland gjekk greitt. Flyet var i rute og alle fekk vera med. Mellomlandinga i København gav oss akkurat nok tid til at me fekk sjekka taxfree-tilboda utan at det førte til nokon storhandel.

I Vilnius regna det. Det regna skikkeleg. Store, våte dråpar. Det var ekstremvarsel på vêrmeldingane! Men når har litt regn skremt ein vestlending? Me kom oss nokolunde tørrskodde i bussen og fekk med oss ein rundtur gjennom gamlebyen før me sette kursen mot Birstonas og hotellet med det flotte namnet Royal Residence.



Hotellet var nybygd i 2007 og viste seg å vera retteleg bra med store romslege rom, symjebasseng, spa-avdeling og rikeleg med fellesareal. Det ligg landleg til omgjeve av furuskog og like ved Nemunas-elva. Ein film med presentasjon av hotellet kan du finna på denne nettadressa:

<http://www.youtube.com/watch?v=8hUfZrlxnu4>

Nesten alle gutane hadde damer med seg, berre ein reiste singel og måtte greia seg utan støttekontakt. Ved innsjekkinga beklaga dei at det berre var doble rom, men dei kunne

alltid skaffa ei dame til han som reiste singel om han tykte rommet blei for stort.

Om kvelden var det middag med påfølgjande sosialt samvær der Øyvind var forsongar og leia allsongen som omfatta dei fleste av dei ”gode gamle” frå Kråkevisa til Vesle Daniel. Etterpå drog Åsmund og Else i gong vitsestafetten der den eine etter den andre bidrog med gode historier. Her er eit døme: *St. Peter hadde innført nye metodar ved mottaket i Perleporten. På*

Lietuvos Respublika

Republikken Litauen



[Flagg](#)



[Riksvåpen](#)

herreavdelinga hadde han to inngongar - ein der det stod "Tøffelheldar" og ein der det stod "Skikkelege Mannfolk". Det viste seg at køen blei lang ved inngangen for tøffelheldar medan den andre inngangen aldri blei brukt. Men ein dag stod det likevel ein kar ved inngangen for skikkelege mannfolk. St. Peter blei glad og ville slå av ein prat med denne karen og spurde mellom anna kva som fekk han til å velja denne inngangen. "Nei, eg veit ikkje heilt", svara karen. "Det var kona som sa eg skulle stå her".

Turleiiing:

Framifrå turleiar og guide var Tolleiv. Heile tida delte han med oss den omfattande kunnskapen sin om landet og folket. Godt assistert blei han av kona Lina, som også var tolk når det trongst.

Dei ulike turane:

Laurdag gjekk turen til Kaunas - byen som kallar seg sjølv "Litauens hjarte" - der me besøkte gamlebyen og var inne i ei fin gammal kyrkje. Det regna framleis, men ikkje så mykje som fredagskvelden. Etter ein spasertur på Laivses Allea (Fridomens Alle) fekk me endeleg tak i ein minibank så me kunne få ut litt pengar. Lunsj åt me på ein lokal resturant der me for første gong møtte prisnivået i Litauen. Maten var god og rimeleg. Full middag med vin og kaffi kosta om lag 50 norske kroner. Det mangla ikkje mykje på at me datt av stolen då me skulle betala!

Etter maten var me på kjøpesenteret Akropolis der det var råd å få kjøpt det meste. Eg merka meg at nokre av damene hadde fått nokså store bæreposar då me gjekk i bussen igjen.

Ein video frå Kaunas finn du her:

www.youtube.com/watch?v=dhCqF12SS5s

Sundag var det endeleg opphaldsver, men framleis ikkje dei heilt store temperaturane. Etter ein god frukost var det busstur til Trakai, eit restaurert slott frå 1200-talet.



Nasjonalsong: «Tautiška giesmė»

Motto: *Vienybė težydi (Lat sambandet bløma)*

Offisielle språk: Litauisk

Hovudstad: Vilnius

Styresett: Parlamentarisk republikk

President: Dalia Grybauskaitė

Statsminister: Andrius Kubilius

Flatevidd:

– Totalt 65 300 km²

– Andel vatn 4 %

Folketal:

– Estimert (2012) 3 525 761

– Tettleik 54 /km²

Sjølvstende:

Frå Russland

- Erklært 16. februar 1918

- Anerkjent 12. juli 1920

- Tapt 1940

Frå Sovjetunionen

- Erklært 11. mars 1990

- Anerkjent 6. september 1991

Nasjonaldag: 16. februar

BNP:

– Totalt (2010) 56 220 mill. USD

– Per innbyggjar 15 900 USD

Valuta: Litas

Tidssone: UTC +2

Telefonkode: +370



Det imponerende slottet og festningsverket ligg på ein holme ute i vatnet og har nok vore lett å forsvare mot angripingar utan moderne våpenteknologi.

Slottet var tidlegare berre ruinar, men er no restaurert og blir av mange rekna som Litauens viktigaste turistattraksjon. I alle fall var det mykje å sjå på i dei mange salane. Inne på land var det tett med handelsbodar der me kunne kjøpa ulike suvenir. Mest populært var visst alle dei fine rav-smykka.

Slottet sett frå lufta finn du i denne vidoen: www.youtube.com/watch?v=ejXRTERllds
Ei meir omfattande innføring i historia til slottet finn du her: www.youtube.com/watch?v=MZbgyPyMQRI

Måndag var det Gruto Parkas, ein museumspark frå Sovjettida. Etter frigjeringa i 1990 blei det ein slags "folkesport" å riva ned dei mange kjempestatuane som var reiste av kommunistregimet. Ein mann såg likevel nytten i å ta vare på nokre av dei og visa fram for pengar. Spreidd rundt på anlegget dukka dei opp både Marx, Lenin og Stalin. Samt ei rekke andre gamle sovjetleiarar, både kjende og mindre kjende.



Av ein eller annan grunn var minneparken blanda med ein dyrehage. Om dei meinte esel og struts høvde saman med Stalin og Lenin veit eg ikkje, men eg har i alle tilfelle problem med å skjønna kor kenguru og sebra kom inn i biletet.

Video av Gruto Parkas finn du her: <http://www.youtube.com/watch?v=5D4il-YbqY>




Tysdag. Buss til Silavotas der vi vitja ein kyrkjegard og såg på nokre partisangraver. Desse partisanane var del av "skogsbrigaden" som prøvde å gjera motstand mot Stalin-regimet. Ei tid blei det sagt at det var opptil 30 000 mann gøymt i skogane, men etter kvart blei dei tekne til fange og drepne eller sende i fangeleir.

Forstod eg det rett, var desse partisanane gravlagde utanfor kyrkjemuren av di dei hadde vore motstandarar av regimet.

Litauarane har vore eit hardt prøvd folk.

Etterpå hadde me ein fin spaseretur gjennom den vakre Kasla Ruda-skogen fram til jarnbanestasjonen Jure. No var godveret komme for alvor så me blei rett svettevåte på ryggen på skogsturen. Dei som enno kan høyra litt, påstod at det var så ubegripeleg fin fuglesang i skogen. Det har eg vanskeleg for å tru på. Dei siste 15 åra er det berre måsen og kråkene som har sunge for meg. Me oppdaga også at myggen var like blodtørstig her som heime i gamlelandet.



Komme fram til jernbanestasjonen, var det sjølvstomt mange som følte trong til å letta seg litt så det blei litt leiting etter doet. Til slutt fann me eit litt avsidesliggende murhus med båsar og hol i golvet samt ei sky med fluger. Det gjekk tolleg bra for oss gutane, men damene kom tilbake med uforretta sak – dei vegra seg for å nytta fasilitetane.

Medan me var på skogsvandring, hadde Lina vore og tinga mat til oss på ei vegkro. Mat fekk me, men ikkje alle fekk det same. Nokre fekk ein kyllingrett og nokre heldiggrisar fekk smaka på dei litauiske komlene.

Eg greidde å finna ein videosnutt av Silavotas også. Særleg god er han ikkje, men må du absolutt sjå han, kan du finna han her: <http://www.youtube.com/watch?v=OEzG0rubf1E>



Onsdag reiste dei fleste av oss til Vilnius medan nokre blei igjen på hotellet for spa og velvære.

Tolleiv hadde fridag og var på vitjing hos svigerfamilien, men Magne tok ansvar og losa oss gjennom smug og passasjar til gamlebyen. Eg må innrømme at eg blei litt imponert.

Det blei ein roleg dag med spasing i gamlebyen der me såg på dei utallege suvenirbodene langs forttaua.

Også denne dagen var det tid til ein snartur innom eit større kjøpesenter.

Vil du sjå meir av Vilnius, kan du ta ein kikk på denne videoen:

<http://www.youtube.com/watch?v=s7qhuXDO0RU>

Torsdag var fridag der me kunne gjera som me ville - og det gjorde me. Nokre ville sjå Birstonas, nokre ville berre slappa av med symjing og spa, men om lag halvparten av oss fekk ein guida tur i hotellområdet med innlagt lunsj med lokal tradisjonsmat og ei innføring i - og prøve på helbredsmetodane til prest og professor Sebastian Kneipp som på slutten av 1800-talet gav ut boka "Min Vandkur" der det på tittelbladet står: "Kuren er prøvet igjennom firti år og



er skrevet til SYGDOMMES HELBREDELSE og Sundhedens vedligeholdelse". Her eit sitat frå boka: "Benene blottes til over knærne. Benklær trekkes lengst mulig tilbake og dækkes med et klede for at de under gyning ikke skal bli våde. Derpå setter man seg på en stol med føtterne i et kar. Gyning skjer med en liden havesprøyte. Den første kanne tømmes hurtig rett på knær. Den neste med svak straalet vekselvis på høire og venstre leg." Kreft blei helbreda med munnvask – tre gonger om dagen . Det viktige var å rensa "blodet og safterne". Boka kom ut på Mittet forlag og kosta 1 kr og 40 øre.

Ja, om nokon skulle vera i tvil, det var den same dr. Kneipp som fann opp kneippbrødet.



Båtane:

Frå bussen hadde Nils Bernhard sett nokre båtar som han absolutt **måtte** sjå nærare på. Han fekk lokka med seg tre av oss andre på ei utflukt for å studera litauiske båttradisjonar. Båtane fann me og medan me stod utanfor gjerdet og drøfta type og bemanning kom eigaren og båtbyggjaren sjølv bort for å høyra kva dette var for slags karar. Han fortalde at denne båttypen var ein elvebåt frå Karelen. Det var 16 roarar og ein styrmann i kvar båt.

Han hadde forresten meldt på 3 båtar til ein regatta i Venezia i slutten av månaden, men han streva med å

skaffa nok roarar. Då han hørde det var snakk om vikingar frå Noreg – og endå til vestlendingar som kunne **ro**, ville han hyra oss som menneskap på flekken. Me måtte nok skuffa han der, men fekk med oss brosjyrar og visittkort. Han ventar nok store leveransar til Bømlø i framtida.

Alle ting har ein ende, slik også med denne turen. Etter varme ord frå oss til hotellpersonalet – og frå hotellpersonalet til oss kom høgdepunktet på turen: Alle gutane fekk klemma alle jentene i personalet og alle damene fekk klemma den einaste mannen blant personalet! Gjett om me klemte!

Det kunne nok vore skrive mange fleire lovord om turen, men eg trur me får halda oss til konklusjonen me alltid brukte i stilane på folkeskulen: **Alle var samde om at det hadde vore ein gild tur!**



(ref. ekip)